



Tore Egil Fyllingen
Kleivdalsvegen 88
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2929 - 20/3420

Saksbehandlar:
Astrid Irene Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
22.01.2020

Registrert mangler dykk utløp i septiktank - gbnr 196/113

Lindås kommune (no Alver kommune) mottok den 21.08.2018 melding frå Norva24 om at det ved siste tømning den 20.08.2018 vart registrert at septiktanken på eigedommen din, gnr. 196, bnr. 113, manglar dykk i utløp. jf. sak nr. 18/2551. Ved kontakt med Norva24 den 21.01.2020, stadfestar sakshandsamar der at dei ikkje har motteke melding om at den ulovlege tilstanden er utbeta.

Når utløpet manglar dykk, vil slam og forureinande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter. Dette kan medføre stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld renskrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken.

Når det er fare for forureining i strid med forurensingslova eller vedtatt i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken.

For å få utbeta ein avløpsleidning/anlegg/septiktank, må du kontakte eit godkjent røyrleggjarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes om at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og at vi kan fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om utbetring og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Irene Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Tore Egil Fyllingen

Kleivdalsvegen 5915
88

HJELMÅS